



Terje Nilsen

Dykkar ref.

Vår ref.

16/1592-8/FA - C50, HistSak - 09/196//CHMO

Dato:

02.06.2017

Hengjo - ny søknad HFK - Viktige uttalelser fra kommunen

Øygarden kommune stiller seg svært positiv til arbeidet som er planlagt med restaurering av Hengjo. Dette arbeidet er tid-og ressurskrevjande og kommunen vil etter beste evne legge til rette for prosjektet etter kvart som milepålar vert nådd.

Hengjo er verna gjennom reguleringsplanen for Hellesøy hamn. Øygarden kommune vurderer Hengjo som eit viktig landemerke for staden Hellesøy og eit viktig kulturbygg for å verna om fiskerihistoria i Øygarden og på vestlandet. Hengjo på Hellesøy er eit av områda i vårt arbeid med kulturminneplan/registrerings-arbeid som er fokusert på i arbeid med kulturminneplanen for Øygarden kommune

Kommunen har pr.d.d. ikkje øyremarka tilskot til dette prosjektet, men har gjennom 2013-2016 brukt administrative ressursar som har tilgodesett prosjektet.

Øygarden kommune har ein egen tilskotsordning knytt til «restaurering av kulturminne».

Denne er det søkt midlar på også i 2017 og Hengjos venner er tilgodesett frå tilskotsordninga.

Kommunen har gjennom tilsegn frå fylket motteke kr. 100 000,- i tilskot til restaurering av Hengjo. Dette er overført formelt etter ein skriftleg avtale med Hengjos venner.

Med helsing

Christel Møvik-Olsen
kulturleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur